



Konserten i full gang, med Robert Smith-Hald, Hilde Anine Hasselberg og Vegard Henanger.

**Fase nummer 3 i det som må kunne kallast Dønhaug-dagen var konsertkvelden i kjedlaren i går. Der presenterte Robert Smith-Hald med band seg i full musikalsk breidde og ikkje minst var det interessant og spennande at han hadde 9 av dei 13 songane på den nye cd-en på repertoaret. Og det må kunne seiast at trubaduren frå Pennsylvania og Bergen som serverar berre eigenprodusert vare har lagt nye alen til sin vekst på norsk grunn.. Konserten ga 7 nye TV-minutter til magasinprogrammet.**

Mange vil samanlikna han med Dylan, andre med skotten Donovan og ikkje skal vi ta standpunkt i eit så krevjande spørsmål,

Men vi synest Robert er best og mest gripande når han bokstaveleg tala spelar på dei meir kjenslevare strengane. Det er så mange andre som køyrar på eitt atskillig høgare turtal utan at det gjer noko stort inntrykk.

Den nye cd-en, som vart spela inn i Nashville i fjor og som skal sleppast på Dønhaug i april, heiter Thou Mayest. som er gamal-engelsk og tyder noko slikt som du skal eller kan få lov til. Det heiter også signaturmelodien og den kan bli ein hit i alle fall på line med On and on som heldt stand lenge. Men det er også andre fine og nye songar som ligg godt an i løypa. Robert legg ikkje skjul på at han har ein cd til på lager. Med andre ord er han svært produktiv sjølv om lærraryrket krev sitt

Og apropos akkurat det: Nokon trudde kanskje det var for å auka kjendisfaktoren då ein kjendis av første sortering dukka opp i

kjedlaren. Han heiter Frank Aarebrot og er professor. Men det var som ledsagar til sin betre halvdel Marian Flick han var der. Ho har gått på lærarhøgskulen saman med Robert og var svært nyfiken på konserten.

Det burde langt fleire ha vore. Det var rett og slett skandaløst få i kjedlaren denne gongen. Er kvinneheringane så redde for å bli presentert i TV? Magne Huglen har i alle fall rykka kulturgarden sin opp ytterlegare nokre hakk denne helga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Intervju pågår på Dønhaug, med objektet til høgre. Rebekka Nedregotten intervjuer og Lasse Wallace styrer kamera